FESTMIDDAG: Bilete frå festmiddagen på Bjørnefjorden gjestetun laurdag kveld. Heilt til venstre sit Lars Mæland frå Stord.

LEIARSKIFTE: Knut Farestveit frå Voss sogelag (t.v.) tek over leiaransvaret i Hordaland Sogelag etter tysnesing Mikal Heldal, som har sete som leiar dei siste åra.

Os Sogelag tok utfordringa

Berre eitt år etter at Os sogelag vart skipa, fekk laget ansvaret for gjennomføring av lokalhistoriske dagar og årsmøte til Hordaland sogelag, paraply-organisasjonen for dei fleste sogelaga i fylket.

Til saman 33 lag er med. Årleg møtest utsendingane til møtedagar hjå eit av medlemslaga, der det vert formidla lokal kulturhistorie, men der det også er god tid til sosialt samvær og diskusjon om dagsaktuelle utfordingar på kulturfronten.

– Då me fekk spørsmål om me kunne bidra med å arrangera årsmøtedagane på Os, svara me sjølvsagt ja, fortalde Oddbjørn Klyve som er leiar i Os sogelag.

Han ynskte utsendingane velkomen på laurdagen, i undervisningslokala til Oselvarverkstaden på Osøyri. Laget som berre har eksistert i vel eit år har allereie 100 medlemmer, og målet er å nå 500 medlemmer om ikkje alt for mange år.

Laget er aktive i lokalmiljøet, og har mellom anna tatt opp att tradisjonen med utgjeving av den lokalhistoriske årboka «Osingen» som vart utgitt av Os Mållag i 30 år fram til 2012, som var siste året for mållaget.

Os eit føredøme

Tidlegare stortingsrepresentant og no fungerande ordførar Laila Marie Reiertsen, helsa velkommen på vegner av Os kommune, og fortalde også litt om si interesse for kultur og handverk. Hennar spesielle interesse er rosemåling og Os sitt varemerke i så måte, den vakre og fargerike «Osrosa».

Os kommune er blitt ein kommune med mange og engasjerte kulturpersonar som oppmodar og stimulerer til frivillig innsats gjennom venelag og stiftingar, som har eit godt samarbeid med politikarane og utvikling av kulturen i storkommunen. På mange måtar eit føredøme i så måte for andre kommunar.

Den lokalhistoriske økta på laurdagen handla naturleg nok om oselvaren, bruksbåten i tre som har fått status som Norges Nasjonalbåt, og der no avdøde Harald Dalland var ein sentral person, både når det galdt utvikling av, og ikkje minst som lærar ved Oselvarverkstaden gjennom mange år.

Utflytta tysnesing Kjell Magnus Økland fortalde om arbeidet sitt gjennom mange år, og som vart fullendt med den over 500 siders store praktverket «Oselvar den levande båten.»

Stor interesse for handverket

Oselvaren, som for oss tysnesingar vel er mest kjent som færing, er ein av svært få småbåttypar i Europa som enno blir bygd på gamle måten med all den handverkskunnskapen som skal til. Båttypen var den dominerande bruksbåten på heile Hordalandskysten i gamle dagar. At båten i si tid vart utvikla til å nyttast i rotevlingar, er vel kanskje ikkje så godt kjent for alle, men folk flest her vest, har vel merka seg at den smekre trebåten med si spesielle utforming ein framifrå snøgtseglande konkurransebåt.

På Oselvarverkstaden, som vart sett i drift i 1997, er det tilsett røynde båtbyggjarar som ser det som umåteleg viktig å ta vare på den spesielle handverkskunnskapen og føra han vidare til nye generasjonar av båtbyggjarar. Interessa for handverket blant unge både frå Norge og utlandet er for tida stor, og det blir tatt inn lærlingar som dermed får status som fagarbeidarar i dette spesielle yrket når læretid og fagprøve er avlagt.

Ny leiar av Kystsogevekene

22 kommunar frå Gulen i nord og til Sveio i sør bidreg kvart år til stormønstring av kystkulturen. Tysnes sogelag er også aktive, og har årleg eit seminar i Skorpo gamle skule der trufaste og engasjerte tysnesingar og andre møter til foredrag og drøs om kystkultur og anna lokalhistorie.

Frå januar i år har Kjell Magnus Økland teke over som dagleg leiar av Kystsogevekene, og han har klåre tankar og idear om korleis dette kulturarrangementet skal utvikla seg i åra framover. Det er alltid interessant med leiarskifte, og det skal bli spanande å følgja utviklinga av arrangementet under hans leiing – eit arrangement som har funne sin plass i kulturrørsla og blitt veldig populært.

Husmannsvesenet

På sundag var det fyrst ein vitskapleg leksjon ved førsteamanuensis Arne Solli om Husmannsvesenet i Norge frå 1600-talet, til det vart mindre dominerande i landet på midten av 1800-talet.

Han har forska mykje på dette og det var interessant å få høyra og sjå dei skriftlege prova på at styresmaktene i dei dagar la mykje arbeid i det å få klassifisert store yrkesgrupper, ikkje berre bønder, som husmenn i folketeljingar og anna statistikk, og på det viset undertrykkja fleirtalet av det norske folk frå ein elementær folkerett som vårt demokrati er forankra i, nemleg røysteretten.

Det historiske tunet Lyngheim

Professor emeritus Nils Georg Brekke, tidlegare fylkeskonservator i Hordaland, heldt eit engasjerande og interessant foredrag om dei gamle byggjeskikkane i Norge og på Vestlandet. Det tradisjonelle